

Bruk av bålpanne under Dyrsku'n 2026

Av omsyn til tryggleiken for publikum, utstillarar, dyr, bygningar og materiell må bruk av bålpanne skje på ein kontrollert og forsvarleg måte.

All bruk av bålpanne skal vere godkjend av Dyrsku'n på førehand. Løyvet gjeld berre for oppgjeven stand/plassering, og den ansvarlege personen som er oppført under, har ansvar for trygg bruk, tilsyn og sløkking.

Standnr.: _____

Ansvarleg person, namn: _____

Telefon: _____

- Bålpanne kan berre nyttast i Dyrsku'n sine ordinære opningstider, og ikkje under rigg, nedrigg eller etter stengetid.
- Det skal berre fyrast med tørr ved, helst bjørk eller tilsvarande ved som ikkje gnistrar eller sprakar unødig.
- Sjøppel, emballasje eller anna avfall skal ikkje brennast i bålpanna.
- Det skal vere minimum 2 meter avstand til teltduk, bygningar, utstyr, dekorasjonar og anna brennbart materiale. Dyrsku'n eller brannvern kan krevje større avstand dersom forholda tilseier det.
- Underlaget skal vere brannsikkert. Ved tørt gras eller anna brennbart underlag skal det nyttast eigna plate eller anna vern, til dømes gipsplate eller tilsvarande.
- Det skal vere eigna brannsløkkjeutstyr synleg plassert i nærleiken av bålpanna.
- Bålpanna skal aldri stå utan tilsyn medan ho er i bruk. Den ansvarlege personen skal syte for at bålpanna er forsvarleg sløkt ved stengetid. Bruk vatn.
- Oske, glør og bålrestar skal vere heilt sløkte og kalde før dei blir handterte. Bålrestar skal ikkje kastast i vanlege avfallsbeholdarar, men oppbevarast og fjernast på ein forsvarleg måte.
- Dersom røyk, lukt, varme eller anna frå bålpanna er til sjenanse eller fare for andre, skal fyringa reduserast eller stansast.
- Arrangør eller brannvern kan gje pålegg eller stanse fyringa dersom det blir vurdert som naudsynt av omsyn til tryggleiken.
- Den som har fått løyve, pliktar å rette seg etter pålegg som blir gitt. Brot på reglane kan føre til at løyvet til bruk av bålpanne blir trekt tilbake.